



Rune Furesund
Lurevegen 925
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8285 - 20/37319

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:
18.06.2020

Løyve til deling etter jordlova - GBNR 64/3 Myksvoll

Administrativt vedtak: Saknr: 634/20

VEDTAK:

Alver kommune gjev samtykke til deling av 946 m2 som omsøkt på gbnr 64/3 Myksvoll med heimel i jordlova §12. Formålet med delinga er arealoverføring til bustadeigedomen gbnr 64/12 Myksvoll.

Saka gjeld :

Det vert søkt om deling av eit 946 m2 stor areal frå gbnr 64/3 Myksvoll. Formålet er arealoverføring til gbnr 64/1 2 Myksvoll. Arealet består av skogsmark og noko steinsett og planert areal. Det er ikkje snakk om frådeling av dyrka eller dyrkbar jord og ein treng såleis ikkje løyve til omdisponering for å godkjenne delinga. Det vart gjort eit vedtak 2.juni i denne saka der det vart gjeve løyve til deling av 690 m2 jfr søknaden om dispensasjon. Men det har kome inn justert kart i ettertid som sakshandsamar ikkje hadde fanga opp blant alle dokumenta. Difor vert det her fatta nytt vedtak i saka.

VURDERING:

Det vert synt til vurdering gjort i saka i førre vedtak, datert 02.06.2020

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune
Ole Gunnar Furesund
Rune Furesund

Titlandsvegen 1
Lurevegen 925

5912 SEIM
5912 SEIM